



## Innkalling Formannskapet

**Møtedato:** 25.02.2015  
**Møtested:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 10:00

Saksnr. 14/15 og 15/15 er brukt ved ei feilregistrering og går ut.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
016/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/15	Godkjenning av møteprotokoll
018/15	Meldingar
019/15	Delegerte saker
020/15	Orienteringssak
021/15	Strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim
022/15	Minigravemaskin - kyrkjegarden
023/15	Løypekjøring i Stordalen - Søknad om tilskot
024/15	Statleggjering av den kommunale skatteoppkrevjaren - Høyringsuttale
025/15	Digitalt nødnett
026/15	Opparbeiding av sentrumspark
027/15	Godkjenning av ferdigstilling av klubbhus
028/15	Budsjett 2015
029/15	Budsjettoppfølging januar 2015

Dato, 18.02.2015

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
auacosmalbruker		15/83

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
auacosmalbruker		15/83

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 21.01.2015

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
auacosmalbruker		15/83

### Meldingar

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
auacosmalbruker		15/83

### Delegerte saker

#### 32T

Saksnummer	Tittel
003/15	<p>Byggesak gbnr 130/173 - Kalandsneset - Tomannsbustad - Adresstildeling</p> <p>I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til dykkar eigedom gnr 130 bnr 173:</p> <p>Kalandsneset 3 A og 3 B, 5953 Fønnes.</p> <p>I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.</p>
004/15	<p>Gbnr 160/65 - Byggesak - Lamholmen . Adresstildeling</p> <p>I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til dykkar eigedom gnr 160 bnr 165</p> <p>Lamholmen 6, 5943 Austrheim</p> <p>I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.</p>
005/15	Løyve gbnr 164/29 Krossøy - fritidsbustad

006/15	<p>Gbnr 131/292 - Adressetildeling</p> <hr/> <p>I medhold av matrikellova § 21 er de tildelt fylgjande adresse til dykkar eigedom gnr 131 bnr 292.</p> <p>Straumshaugane 22, 5953 Fønnes.</p> <p>I henhold til matrikellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.</p>
007/15	<p>Vedtak - gbnr 151/25, Førland - Garasje</p> <hr/> <p>Austrheim kommune gir i medhald av Pbl § 21-4 løyve til garasje på gnr 151 bnr 25, Førland. Jf søknad etter pbl § 20-2.</p> <p><u>Vilkår for løyve:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· Løyvet føreset positivt vedtak hos Statens Vegvesen på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg.</li> <li>· Tiltaket si plassering skal målast inn i forhold til nærliggande eigedom og dokumenterast på kart før det blir gitt bruksløyve.</li> <li>· Tiltaket eller delar av det skal ikkje takast i bruk før det er gitt bruksløyve</li> </ul> <p>Statens Vegvesen kan no handsame søknad om dispensasjon frå krav til byggegrense langs veg.</p>
008/15	<p>Løyve gbnr 133/59 Olsneset, oppføring av hytte</p> <hr/> <p><b>Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av fritidsbustad i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.</li> </ol>
009/15	<p>Byggesak - gbnr 164/6 - Rongevær - tilbygg - løyve</p> <hr/> <p><b>Det vert godkjent oppføring av tilbygg i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-2, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.</li> </ol>

010/15	<p>Løyve gbnr 142/32 - Austrheim - garasje</p> <hr/> <p><b>Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av garasje i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:</b></p> <p>1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.</p>
011/15	<p>Søknad om løyve til utviding av eksisterande garasje gnr 158 bnr 33 - Athle Strømsnes</p> <hr/> <p>Austrheim kommune gir i medhald av pbl § 21-4 løyve til tilbygg til garasje på gnr 158 og bnr 33 jf søknad etter § 20-2.</p> <p><u>Vilkår for løyve:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· Tiltaket, eller delar av det skal ikkje takast i bruk før det er gitt ferdigattest</li> </ul>
012/15	<p>Vedtak - Gbnr 131/297- ferdigattest- Kaland</p> <hr/> <p>Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gnr. 131, bnr. 297.</p> <p>Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.</p>
013/15	<p>Vedtak - Søknad om redusert gebyr - gjeld byggesak gbnr 148/110</p> <hr/> <p>Austrheim kommune gjev i medhald av Lokal forskrift for tekniske forvaltningstenester (Gebyrregulativ) for Austrheim kommune pkt. 4.12 avslag på søknad om redusert gebyr i byggesaken arkivsak 14/1378.</p> <p>Gebyr i tråd med gjeldande Gebyrregulativ vert å rekne for denne byggesaka.</p> <p>For å kunne avgjere kva for sakshandsaming tiltaket skal handsamast etter må det sendast inn målsatt planteikning med korrekte mål. Teikninga må sendast inn innan 3 – tre – veker.</p> <p>Grunngjeving er gjort i utgreiinga.</p>
014/15	<p>Løyve gbnr 131/301 - Arihamrane - ny bustad</p>



	<p><b>Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar, tilkobling til offentleg ledningsnett, samt oppføring av einebustad i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:</b></p> <p>1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.</p>
015/15	<p>Gbnr 131/301 - adressetildeling</p> <p>I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt følgjande adresse til dykkar eigedom gnr 131 bnr 301</p> <p>Arihamrane 25, 5953 Fønnes</p> <p>I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.</p>
016/15	<p>Gbnr 165/57 - adressetildeling</p> <p>I medhold av matrikkellova § 21 er de tildelt følgjande adresse til dykkar eigedom gnr 165 bnr 57</p> <p>Rongeværet 10, 5943 Austrheim</p> <p>I henhold til matrikkellova § 21 er det kommunen som skal fastsetta adresser i kommunen. Me har vurdert etter gjennomgang av andre boliger i området sine bolignummer, at de får tildelt dette nummeret.</p>
017/15	<p>Vedtak - Gbnr 131/298, 299, 300- ferdigattest- Fønnesstraumen</p> <p>Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest forbustad på følgjande eigedomar:</p> <p><b>gnr. 131, bnr. 298, Arihamrane 2 A</b></p> <p><b>gnr. 131, bnr. 299, Arihamrane 2 B</b></p> <p><b>gnr. 131, bnr. 300, Arihamrane 2 C</b></p> <p>Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1,</p>

	bokstav d.
018/15	<p>Vedtak - Søknad - gbnr - 147/52 - Kvalvågen - tilbygg - garasje for traktor m/m</p> <p><b>Det vert godkjent oppføring av tilbygg som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-2, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår: Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast.</b></p>
019/15	<p>Ungdommens hus - midlertidig brukstillatelse</p> <p><b>I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på følgjande vilkår:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li><b>1. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.07.2015.</b></li> <li><b>2. Kjøkkenet må ikkje nyttast til aktivitet som krev kjøkkenventilator før denne er på plass.</b></li> </ol>
020/15	<p>Ferdigattest gbnr 142/214 - endring</p> <p><b>Med heimel i Plan- og bygningslova (Pbl) § 21-10 første ledd-vert vedtak i sak nr. 159/14 vedrørende ferdigattest for einebustad og garasje på gnr 142 bnr 214, Myravegen 15 A, trekt tilbake.</b></p> <p>Vidare gjer Austrheim kommune følgande vedtak:</p> <p><b>Med heimel i Plan- og bygningslova (Pbl) § 21-10 tredje ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad og veg på gnr 142 bnr 214, Myravegen 15 A.</b></p> <p><b>Dei gjennståande delane av tiltaket må ferdigstillast innan 10.02.2016, jf Pbl § 21-10 tredje ledd.</b></p> <p>Bygningane eller deler av disse må ikkje takasr i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jfr. Pbl § 20-1, bokstav d.</p>
022/15	<p>Vedtak - Søknad - gbnr - 130/64 - Kaland - tilbygg - garasje</p> <p><b>Austrheim kommune godkjenn oppføring av tilbygg som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-2, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår: Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast.</b></p>
023/15	<p>Vedtak - Søknad gbnr 156/101 Blomhaugane tilbygg hytte</p> <p>Austrheim kommune gir i medhald av Pbl §§ 21-4, 29-2 og 29-4 løyve til tilbygg til fritidsbustad i Heiane bustadfelt på gnr 156 bnr 101,</p>

	<p>Blomhaugane 64, jf søknad etter § 20-2.</p> <p>Vilkår for løyve:</p> <p>Tiltaket, eller delar av det skal ikkje takast i bruk før det er gitt ferdigattest</p>
024/15	<p>Ferdigattest - Gbnr 132/30 - Utkilen - Hagestove</p> <p>Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for frittståande hagestove på eigedomen <b>gnr. 132, bnr. 30 - Utkilen, Austrheimsvegen 466</b></p> <p>Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.</p> <p>Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.</p>
025/15	<p>Vedtak - Søknad gbnr 148/40 Åråsvågmyra tilbygg garasje</p> <p>Austrheim kommune godkjenn oppføring av garasje og avkjøring som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-2, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:</p> <p>Teknisk forskrift (TEK10) skal følgjast.</p>
027/15	<p>Gbnr 128/48 - Adressetildeling</p>

#### Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
020/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
auacosmalbruker		15/83

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
021/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik	FE - 600	15/134

### Strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune deltek i ei prosjektgruppe saman med representantar frå Kunsthuset Austrheim og Nordhordland Næringshage som skal utmeisle ein strategi for vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim. Rådmannen får mynde til å oppnemna kommunale deltakarar frå administrasjonen i gruppa.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I samband med bygging av nytt kommunehus vedtok kommunestyret følgjande om bruk av dei gamle lokala:

## Vedtak i Austrheim kommunestyre - 29.06.2005:

1. Bankbygget i gamle kommunehuset vert seld til høgstbydande
2. Lokalitetane til dagens arbeidssenter vert foreløpig ikkje seld. Saka vert vurdert på nytt om eit år.
3. Austrheim kommune skal fortsatt eige lokalet der helsesenteret tidlegare var etablert. Det skal tilretteleggjast for bruk av lokalet i samsvar med ynskje/behov frå eldrerådet, LHL, Neptun pensjonistklubb og arbeidssenter.  
Under ombygging av Nordliheimen får heimesjukepleien som ei mellombels løysing disponere lokala i det tidlegare helsesenteret.  
Når ombygginga ved Nordliheimen er ferdig vert eigedommen vurdert på nytt for eventuelt sal.
4. **Austrheim kommune skal fortsatt eige gamle skulebygget i gamle kommunehuset. Det skal tilretteleggjast for bruk av lokalet til ungdomsklubb, bruk av lokalet til Kulturskule og rockeklubb, ymse kontor og kulturverksemd.**
5. Brakken der teknisk avdeling tidlegare hadde lokalisering vert fjerna så snart som mogeleg.
6. Kr 300.000,- av salssummen vert satt av til drift og vedlikehald av gamle skulebygget i gamle kommunehuset og gamle helsesenteret. Eventuelle kostnader til riving/fjerning av brakken vert dekkja innanfor den avsette summen.

I tråd med kommunestyrevedtaket er punkta oppfylt, med unntak av punkt 5. Når det gjeld det gamle skulebygget som var hovudbygget i dei gamle lokala, så har det vore i bruk til ungdomsklubben i 1. etasje fram til no når det nye Ungdommens hus er opna. Kulturskulen og rockeklubben har ikkje hatt behov for å nytte lokale her, og i staden nytta ein lokala i 2. og 3. etasje til Kunsthuset Austrheim, som per dags dato er ei samling frittstående kunstnerar, både proffesjonelle og semi-profesjonelle. Bruken av lokala oppfyller dermed intensjonen i vedtaket om bruk til kulturverksemd.

Kommunen har individuelle avtalar med dei som har fått tildelt lokale i det gamle kommunehuset, og dei betalar per dags dato ikkje husleige. Kommunen dekkjer også kostnadane til straum og kommunale avgifter.

Kultur er ein viktig komponent i stadutviklingsprosjekt, fordi kultur- og fritidstilbod i likskap med tettstadutvikling er ein viktige komponent i *bostedsattraktiviteten*. I form av attraksjonar og opplevingar er kultur knytt til kulturminner og kunstutrykk også viktige både i tettstadutvikling og i turismesamanheng (*besøksattraktivitet*). I seg sjølv betrar dette rammene for *bedriftsattraktiviteten*. Dessutan er kulturbasert næringsutvikling ein trend i tida. Attraktivitetsmodellen til Telemarksforsking viser korleis desse ulike dimensjonane heng saman. Utviklingsprogrammet for Austrheim heile livet byggjer på dette (kommunestyresak 152/13?).

Dei nasjonale politiske føringane understrekar også at kultur er viktig i stadutviklingsprosjekt. I *St.meld.nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken* står følgjande:

«Det å utvikle dei positive kvalitetane til ein mindre stad, by eller region, er nær knytt til

*bevisstgjerung av kor viktig kultur og kulturaktivitetar er for individ, næringsliv og samfunn. Utvikling av lokale kulturuttrykk og kulturaktivitetar kan derfor vere viktig i stad- og byutvikling.»*

Såleis er kultur eit viktig aspekt ved tettstadutviklinga i Austrheim kommunesentrum.

Ei satsing på vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim er ei oppfølging av Austrheim heile livet – Samfunnsutviklingsprogram 2013-2015 (kommunestyresak 152/13?) og Strategisk Næringsplan med fokus på reiseliv og havsport 2014-2025 (kommunestyresak )/14), der eit av tiltaka er å medverke til vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim.

### **Vurdering**

Kunsthuset Austrheim og kunsternane som held til der tilfører Austrheim kommune ein viktig dimensjon, og er viktige i arbeidet med å skape ein meir pulserande tettstad. Austrheim kommune har hatt eit godt samarbeid med kunstnerane i samband med grunnlovsjubileet og Kulturdagane. Kunsthuset har også hatt eit samarbeid med Austrheim vidaregåande skule, der Tove Veidung har fått elevar med i ulike kunstprosjekt. I 2012 og 2014 var det kunstløype frå kyrkja til kommunehuset.

Samstundes må det leggjast til at Kunsthuset har eit stort potensiale til å utvikle seg vidare, og verte ein større attraksjon som trekkjer til seg fleire besøkjande og innbyggjarar på utstillingar og aktivitetar. Det er også mogleg å utvikle Kunsthuset til i endå større grad å verte ein møteplass for kunstinteresserte gjennom kafé eller liknande.

Det er avgjerande at Kunsthuset Austrheim får ei formell organisering som ein organisasjon, slik at Austrheim kommune har ein formell samarbeidspart å forhelde seg til med tanke på drifta av huset i dag, og for å få den inn i ryddigare former med utarbeiding av ein avtale mellom Austrheim kommune og Kunsthuset Austrheim. Denne bør innehalde ein modell som gjer at kunstnerane yt noko tilbake til kommunen, enten i form av ei leige for lokala eller i form av tenester. Når det gjeld sistnevnte kan ein til dømes sjå nærare på samarbeid med skulane og kulturskulen. Ei formalisering av Kunsthuset Austrheim vil også vere viktig for å kunne søkje ekstern finansiering til utbetringar i huset og til utviklingsprosjekt.

Ambisjonen må vere at Kunsthuset Austrheim skal verte ein kunstinstitusjon med regionalt nedslagsfelt. For å kunne realisere ein slik ambisjon er det ikkje nok berre at Kunsthuset Austrheim organiserer seg, men det må også utviklast eit klårare konsept, innhald og profil på kunsthuset. I tillegg kjem ei rekkje utfordringar knytt til kvaliteten på bygget. Dersom ein skal få bygget i tipp topp stand må det ein pårekne å nytte store pengebeløp. Det kan vere vanskeleg å forsvare ein stor pengebruk over det kommunale investeringsbudsjettet.

Austrheim kommune arbeidar med ei eigarskapsmelding som vil opne opp for sal av enkelte eigendomar, og både det gamle kommunehuset og fleire andre har vorte nemnde i den samanheng. Det går såleis ann å tenkje ein modell der ein sel det gamle kommunehuset i den opne marknaden, samt eventuelt det gamle skulehuset på Austrheim som også har vore

tenkt til kulturføremål, og skyt midlane inn i nye lokaler meir sentralt plassert i kommunesentrum. Saman med fylkeskommunale midlar til lokale eller regionale kulturbygg kan ein kanskje få til noko. I tillegg kjem dei noverande driftsutgiftene som kommunen har til kunsthuset, som ein då føreset vidareført. Kva moglegheiter som ligg i dette må greiast ut nærare.

Når det gjeld folkehelse og miljø, er det ingen negative konsekvensar knytt til ei vidareutvikling av Kunsthuset, kanskje snarare tvert i mot. Når det gjeld økonomi, ligg det ingen forpliktingar i å starte opp ein prosess slik det er skissert i saksutgreiinga. Dersom det vert aktuelt med kommunal medfinansiering i utviklingsprosjekt eller fysiske tiltak, vil det innebære politisk sakshandsaming.

### **Konklusjon**

I samband med tiltaket vidareutvikling av Kunsthuset Austrheim, forankra i utviklingsprogrammet Austrheim heile livet og i strategisk næringsplan, vil Austrheim kommune delta i ei prosjektgruppe saman med representantar for Kunsthuset Austrheim og Nordhordland Næringshage. Ein føresetnad for dette er at Kunsthuset Austrheim organiserer seg formelt sett.

Prosjektgruppa skal:

- Utarbeide framlegg til avtale mellom Austrheim kommune og Kunsthuset Austrheim om bruk av noverande lokaler.
- Vurdere moglegheiter for å søkje ekstern prosjektfinansiering og eventuelt utarbeide søknader til utviklingsprosjekt.
- Vurdere alternativ lokalisering av Kunsthuset Austrheim, og finansieringsløyising for dette.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
022/15	Formannskapet	PS	25.02.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE - 640	15/176

### Minigravemaskin - kyrkjegarden

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Minigraveren som ein i dag har på kyrkjegarden er no 27 år gammal og er svært slitt og det begynner å bli vanskelig med å skaffe enkelte deler. Ein har ved to høve dei siste månader fått havari på maskina under gravferd noko som er svært uheldig. Det er få nyare brukte maskiner i markedet og prisen på ei ca 5 års gamal maskin ligg på ca kr 150 000. Ei ny maskin vil ligge på ca kr 210 000 – 230 000. Ved kjøp av ny maskin må ein innhente tilbod frå min. 3 tilbydarar.

##### Vurdering

###### Miljø

Ei ny maskin vil ha betre arbeidsmiljø, mindre støy og faren for søl av motor og hydraulikkolje vil og vere mindre.

###### Økonomi

Vedlikehaldskostnadene vil være lav i mange år på ei ny maskin en kostnadene vi har i dag. Det er ikkje avsett midlar for investering til minigraver, ein rår til at ein overfører midlar kr 110 000 frå prosjekt 033509 veglys og kr 110 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

## **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
023/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 223, HistSak - 12/133	15/104

### Løypekjøring i Stordalen - Søknad om tilskot

#### Vedlegg:

Søknad om tilskot til sporkøyring i Stordalen vinteren 2015

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap løyver kr. 15.000,- i tilskot til Stordalen Vel til sporkøyring vinteren 2015.

Kostnaden kr. 15.000,- vert dekkja frå post 14903 801 1902.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

I skriv av 26.01.15 søker Stordalen vel om kr. 15.000,- til sporkøyring vinter 2015 Stordalen vel har fylgjande formålsparagraf:

Stordalen Vel (org.nr.912 890 414) stifta 29/11-2013.

**I føremålsparagrafen heiter det m.a.:** ”Stordalen Vel (SVEL) skal medvirke til å videreutvikle Stordalsområdet som hytte, utfarts- og friluftsområde med gode servicetilbud. SVEL skal arbeide for at det blir etablert en god infrastruktur”.

##### **Konkrete handlingsplanar/tiltak - Skaffa til veie midlar til fellestiltak i området:**

- Arbeida for helsefremjande tiltak og få folk ut i naturen
- Sporkøyring i nærområdet til Stordalen – familievennlege løyper
- Byggja bruer for sikker kryssing av elvar i samband med vinter og sommarturar.
- Merking og opparbeiding av stiar
- arbeida for tilretteleggjing av parkeringsplassar for dagsturistar
- arbeida for betre dekning for mobil, internett og DAB.

I søknaden vert det presisert fylgjande:

Utfarten til Stordalen som friluftsområde har auka dei seinare åra, spesielt etter at Stordalen Skisenter vart etablert. Dei siste vintrane har det årleg vore ca. 6000 besøkjande i skisenteret. Vegen til Stordalen er no opprusta. Dette har vi alt sett medfører større utfart til Stordalsområdet. Det vil verta sett opp kart over løypetrase og kven som sponsar tiltaket ved Stordalen Skisenter og andre sentrale stader i Stordalen. Det er viktig å presisera at dette tiltaket er for ALLE som ynskjer nytta Stordalsområdet. Vi vonar at vi i framtida kan få ein fleirårig avtale med nordhordlandskommunane, pluss Gulen og Høyanger, som sikrar finansieringa av løypekøyning og brøyting av parkeringsplassar for dagsturistar.

## **Vurdering**

**Stordalen er eit utfartsområde for Nordhordland, Gulen og Høyanger både sommer og vinter og sporkøyning bidrar til å betre tilgangen for ålmenta.**

**I Austrheim kommune er det mange som nyttar området til rekreasjon og eg finn det rimeleg at kommunen bidrar med kr. 15.000,- til sporkøyning i vinter.**

## **Konklusjon**

**Eg rår til følgjande:**

**Austrheim formannskap løyver kr. 15.000,- i tilskot til Stordalen Vel til sporkøyning vinteren 2015.02.17.**

**Kostnaden kr. 15.000,- vert dekkja frå post 14903 801 1902.**

Austrheim kommune  
Sætremarka 2, 5943 Austrheim

Hetlehovda, 26/1 –2015

**Stordalen Vel vil med dette søkja dykkar kommune om  
kr. 15.000,- til sporkøyring vinteren 2015.**

Kostnad totalt kr. 54.000,- , basert på pristilbod frå Berg Fritid. (Sjå vedlegg)

Stordalen Vel (org.nr.912 890 414) stifta 29/11-2013.

**I føremålsparagrafen heiter det m.a.:** ”Stordalen Vel (SVEL) skal medvirke til å videreutvikle Stordalsområdet som hytte, utfarts- og friluftsområde med gode servicetilbud. SVEL skal arbeide for at det blir etablert en god infrastruktur”.

**Konkrete handlingsplanar/tiltak - Skaffa til veie midlar til fellestiltak i området:**

- Arbeida for helsefremjande tiltak og få folk ut i naturen
- Sporkøyring i nærområdet til Stordalen – familievennlege løyper
- Byggja bruer for sikker kryssing av elvar i samband med vinter og sommarturar.
- Merking og opparbeiding av stiar
- arbeida for tilretteleggjing av parkeringsplassar for dagsturistar
- arbeida for betre dekning for mobil, internett og DAB.

Stordalen Vel vil arbeida for at Stordalen skal verta eit utfartsområde for Nordhordland, Gulen og Høyanger både sommar og vinter.

Stordalen Vel har fylgjande hyttelag som medlemmer: Stordalen Hyttegrend, Stordalstølen Hyttegrend, Bjørkelia Hyttelag, Litlekupa Hyttegrend og Librotet Hyttelag og Fagerbotn Hyttegrend. Desse laga representerer ca. 240 hytter.

Stordalen Vel kjøpte i 2014 ein Groomer 210 m/sporsetjar som vil gje god kvalitet på oppkøyrd skiløyper. Sparebanken Vest løyvde i januar i fjor kr. 40.000,- av ”Gåver til ålmennyttige føremål” som har gjort denne investeringa mogeleg for Stordalen Vel. Stordalen Vel leiger Berg Fritid til å utføra sporkøyringa. Mange næringslivsverksemdar i Nordhordland samt Masfjorden kommune og Lindås kommune har tidlegare vore med og sponsa sporkøyring. Hytteeigarane betalar og tilskot til sporkøyringa. Oppkøyring av løyper har føregått frå vinteren 2009/2010, organisert av Litlekupa hyttegrend.

Utfarten til Stordalen som friluftsområde har auka dei seinare åra, spesielt etter at Stordalen Skisenter vart etablert. Dei siste vintrane har det årleg vore ca. 6000 besøkjande i skisenteret. Vegen til Stordalen er no opprusta. Dette har vi alt sett medfører større utfart til Stordalsområdet. Det vil verta sett opp kart over løypestrase og kven som sponsar tiltaket ved Stordalen Skisenter og andre sentrale stader i Stordalen.

Det er viktig å presisera at dette tiltaket er for ALLE som ynskjer nytta Stordalsområdet. Vi vonar at vi i framtida kan få ein fleirårig avtale med nordhordlandskommunane, pluss Gulen og Høyanger, som sikrar finansieringa av løypekøyring og brøyting av parkeringsplassar for dagsturistar.

**Vi vonar Austrheim kommune vil sjå med velvilje på søknaden.**

Tilskot kan overførast til konto 3632.58.13495 lydande på Stordalen Vel.

*Rune Brundtland*  
Rune Brundtland (Leiar)

Hetlehovda, 5956 Hundvin Tlf 952 65 955. e-post: rune.brundtland@online.no





Matredal, 7. oktober 2014

Stordalen Vel  
v/Rune Brundtland

### Tilbud om løypekjøring i Stordalen vinteren 2015

Viser til tlf i dag, samt sporkjøring de siste 6 årene.  
Jeg kan påta meg løypekjøring i 2015 til en kostnad på kr 54.000,- inkl mva. Faktureres etter brukte timer à kr 550,-. Inkl mva. Lørdager/søndager 40% ekstra.

I dette inngår:

Leie av ATV fra Stordalen Skisenter AS ihht statens satser, evnt scooter.

Det beregnes 20 dager á 4,5t i snitt = 72 timer. Disse dagene er beregnet med 2 dager med klargjøring, spaing, oppkjøring av trasé osv. 12 fredager fra 16.1.14 til 6.4 (påske), 2 dager ekstra (Man + ons) i vinterferiene (uke 8 og 9) og påsken. Det er lagt inn ekstra for kjøring noen lørdager istedenfor fredag når været gjør det nødvendig.

Men, slik vi har gjort tidligere, så ser jeg an vær og føre og bruker tiden etter beste skjønn slik at brukerne får mest spor for innsatsen. Dvs at det kan bli brukt flere timer noen dager og mindre andre, samt at dagene det blir kjørt på kan bli justert. Erfaringsmessig er ikke timene brukt fullt ut, slik at det trolig blir rom for mer kjøring i påsken hvis behov.

Standarden er i utgangspunktet oppkjøring fredager, med et spor pr trasé. Dvs at sporet kan være gjenblåst lørdag eller søndag. Ofte blir traséen bredere, delvis med 2 spor. Vi fikk lite erfaring med den nye sporsleden i terrenget i 2014, og må ser bruken ann.

Trasé er i prioritert rekkefølge (se også vedlagte kart):

- 1) Spor i Stordalen Hyttegrend. Hvis mulig kjøres det innenfor Blyvatnet og kanskje til Bjørkelia, samt over til NAF-bygget. Traseé vil avhenge av snø, bekker, vann og hvor mye tilrettelegging med bruer og klopper som kan brukes. Et sor + skøytetrase vurderes på deler av runden.
- 2) Stordalen Skisenter, Ulvedalen, Hellebotn og ned til Stordalen. Denne traseen kobler Skisenteret til løypenettet, og gjør skooterbruken mer praktisk.
- 3) Anleggsveien inn mot Langedalen. Løypen går i utgangspunktet forbi kraftstasjonen og inn langs vannet med sving opp til venstre. Altså ikke på skrå langs veien, men dette avhenger av føreforholdene.

Alle årene fra 2009 har det vært problem med føret / bekkekryssinger i Vinterferien eller påsken. Det tas forbehold om at slike forhold kan gjøre at det blir begrensninger.

Ta kontakt hvis det er spørsmål, eller for å diskutere alternative opplegg.

Vennlig hilsen

Arne Berg  
(Sign)

Berg Fritid  
Arne Berg  
5984 Matredal

Konto: 4448.12.11716  
Org.nr: 993 037 397

Mob: 410 47 109  
E-mail: [arne@bergfritid.no](mailto:arne@bergfritid.no)  
[www.bergfritid.no](http://www.bergfritid.no)



# Løyperkjøring i Stordalen



## Løypekjøring Stordalen

### Prioritet:

- 1 Hyttefelt: 3 km
- 2 Ulvedalen: 3,5 km
- 3 Anleggsvei: 3,5 km

Kjøring hver fredag fra vinterferie til påske, samt 3 dager ekstra i feriene.

Stiplet linje er alternativer/tillegg avhengig av snøforhold og elver/bekker. Løpe 2 pga utgangspunkt i Skisenteret.

### Utføres av:

Berg Fritid, Arne Berg,  
5984 Matredal.  
41047109



### Oppdragsgiver:

Stordalen Interresselag  
5984 Matredal

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/15	Formannskapet	PS	25.02.2015

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 232, HistSak - 08/696	14/1030

### Statleggjering av den kommunale skatteoppkrevjaren - Høyringsuttale

#### Vedlegg:

Høyringsbrev (L)(18849)

Årsmelding 2014 - Skatteoppkrevjar

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune rår i frå statleggjering av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og finn at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering.

Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma.

Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Framlegg om statleggjering av skatteoppkrevjarane har vore oppe som sak ved fleire høve, men har aldri fått fleirtal i Stortinget. No vert det gjort eit nytt forsøk, og viser til høyringsbrev frå Finansdepartementet med uttalefrist 02. mars 2015, sjå vedlegg.

Skatteoppkreverfunksjonen er viktig for hele vår lokale økonomistyring. Skatteoppkreveren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fanger opp avvik fra forventa skatteinngang langt raskere enn ein klarer på nasjonalt plan. Dette gir oss mulighet til å justere drifta tidligare enn dersom vi måtte vente på de offisielle justerte skattetall.

Dagens organisering har en løsningsgrad som ligger heilt i verdstoppen.

Austrheim kommune si skatteoppkrever har en løsningsgrad som fylgjer:



Innbetalt av sum krav siste år	Resultat pr 31.12.2014	Resultatkrav	Differanse
Restskatt for personlege skattytere inntektsår 2012	89,0%	96,4%	-7,4%
Forskuddstrekk Inntektsår 2013	100,0%	99,9%	0,1%
Forskuddsskatt for personlege skattytere inntektsår 2013	99,0%	99,0%	0,0%

Forskuddsskatt for upersonlege skattytere Inntektsåret 2013	100,0%	99,8%	0,2%
Restskatt for upersonlege skattytere Inntektsår 2012	99,9%	99,0%	0,9%
Arbeidsgjevaravgift Inntektsåret 2013	99,9%	99,8%	0,1%
Innfordra Restskatt ,person av sum krav til innfordring Inntektsår 2012	38,2%	65,0%	-26,8%

Det er ingen grunn til å statleggjere vår skatteoppkrever og har liten tro på at resultatene vil bli betre dersom dersom oppgåvene skal utførast på sentralt eller regionalt hald.

Departementet sitt framlegg vil innebere ein klar risiko for provenytnap. Dette spørsmålet er utreda av Oslo Economics, som har gått gjennom tallmaterialet og berekna konsekvensane av endra innkrevingsprosent.

Berekningane viser at det norske fellesskapet risikerer eit årlig provenytnap i området 0,5-1,5 milliarder kroner dersom forslaget blir vedtatt. Utredninga viser vidare at endringar i innkrevingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjøre departementets forslag ulønnsomt, selv etter den foreslåtte bemanningsreduksjonen.

Den anførte bemanningsreduksjonen er ikkje sannsynleg. Forventa gevinster av fagsystemet SOFIE er allerede henta ut, slik at for dei sakene som vert handsama manuelt, som vil være de samme sakene uansett organisering, er utøving av lokalt skjønn eit mål og ein føresetnad for eit godt og riktig resultat. Dette viktige aspektet synes ikke belyst i høringsdokumentene.

Innenfor sammenliknbare områder som innkreving av arbeidsgiveravgift og mva har den kommunale innkrevinga gjennomgåande betre resultater enn statleg, med ein kommunal løsningsgrad på 99,8% mot statlig løsningsgrad på 99,4%. Da det her er snakk om meget store beløp vil selv små forskjeller i løsningsgrad kunne ha merkbar betydning for provenyet til Austrheim kommune.

Den foretatte risikovurderingen av provenytnap synes utilstrekkeleg og overfladisk. Den tar ikkje høyge for ovannemnte momenter og gir inntrykk av å vere tilpassa ønsket resultat.

Vi jobber proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgjevarne i Austrheim kommune innberetter riktig grunnlag. Vår kontorkontroll inneber synleg og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Vi purrer når vi ikkje mottar oppgåver, vi kontakter dem pr telefon når vi ser at dei har innberetta feil, vi oppsøker dem fysisk og etterspør oppgåver og gjennom vår arbeidsgjevarkontroll avdekker vi det

som skulle vore innberetta. Vi gjer eit viktig preventivt arbeid som bidrar til at våre arbeidsgjevare innberetter riktig grunnlag og gjennomfører, berekner og innbetaler korrekt forskotstrekk, utleggstrekk og arbeidsgjeveravgift.

Det er dette arbeidet og nærleiken til innbyggerane, kombinert med forskotsordninga, som gir dagens gode resultat.

Vi meiner derfor at vår nærleik til innbyggerane og vår lokalkunnskap i stor grad bidrar både til forskotsordninga suksess og til dei gode resultatene for innkreving av dei andre skattartane.

Nærleiken til skattesubjektene er også viktig i kampen mot svart økonomi. At vi er tilstades lokalt som kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkrevaren vert statleggjort og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjektene auke i vesentleg grad. Mange kommunar og byer vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. For Austrheim kommune vil næraste kontrollinstans vere (sjå rapport). Vi vurderer denne auka avstanden som betydeleg risikofaktor for auka svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

I den andre enden av skalaen er det også vår erfaring at nærleiken til innbyggerane er viktig for å bistå dei vanskelegstilte skattytarne; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølve eller som av andre grunner ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærleiken og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe dei som treng det mest.

Skatteoppkreverne er i dag ein viktig og godt integrert del av vår lokale administrasjon.

Departementet hevder skatteinnkreving ikkje er ein naturleg kommunal oppgåve, blant anna fordi det skal utøvast *«liten grad av skjønn»*. Vi meiner at nettopp muligheten til å utøve lokalt skjønn innanfor lovens rammer, er eit bidrag til våre gode resultat og stiller oss difor uforståande til påstanden. Vi opplever at nærleiken, å vere tilstades og forståinga for dei lokale forhold bidrar til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Framlegget om statleggjering kjem midt i kommunereformen. Eit uttalt mål i kommunereformen er å *«flytte makt og ansvar til større og mer robuste kommuner»*. Regjeringen seier den vil *«vise mer tillit til lokalpolitikere og gje kommunane mer handlingsrom. Alternativet er fortsatt sentralisering.»* Å statleggjere skatteoppkrevjaren vår er difor i strid med dei uttalte målene for kommunereformen.

Stortinget ga si tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekker særleg frem punkt 3, om at: *«oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar»*. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereformen.» som et argument for statleggjering nå.

Fleire av dei andre prinsippa, til dømes punkt 1: *«Oppgaver bør legges på lavest mulige effektive nivå.»* trekker imidlertid i den andre retningen og taler for fortsatt kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkrevjaren oppgåver som tilseier at dei, etter nevnte retningslinjer, klart fell utanfor de områda som skal handsamast i kommunereformen. Forskotsordninga spesielt og skatteinnkreving generelt er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske tilhøve.

Etter vårt syn er organiseringen av skatteoppkreveren ein naturleg del av den totale gjennomgangen

av den samlede oppgave- og ansvarsfordelingen mellom stat og kommunar i kommunereformen.

Vi meiner difor det er uheldig å forsere en beslutning om dette nå og anbefaler at spørsmålet vert teke opp til ein samla handsamingi kommunereformen.

### **Oppsummering:**

Kombinasjonen av et irreversibelt forslag, mangelfull utredning av gevinster og klar risiko for provenytap gjer at Austrheim kommune rår ifrå statliggjeriing av skatteoppkrevaren frå 01.01.2016.

Vi meiner dagens løysing gjer dei beste resultatata og fremstår som ein effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringen av skatteoppkreveren er mest naturleg å handsame i kommunereformen.

Vi meiner framlegget er eit døme på uheldig distriktpolitikk fordi nærleiken og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saken. Framlegget inneber ein uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjønnsutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringen på dagens gode resultat. Vi meiner Austrheim kommune sjølv har best kompetanse og forutsetning for å samarbeide med og håndtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjare innanfor høyringa sine føreslegne områder.

Vi vil også bemerke at høringsdokumenta i svært liten grad gjer nokon grunngjeving for kvifor skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast. Vi reagerer på at hovedspørsmålet om kvifor overføringen skal skje, i svært liten grad er utreda. Dette til tross for at framlegget kan få betydelege negative konsekvensar for Austrheim kommune og som nemnt inneber ein risiko for vår likviditet, økonomistyring og økonomikompetanse. Særleg i lys av at ein eventuell statleggjøring vil vere irreversibel er vi negative til departementet sitt framlegg.

### **Vurdering**

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for heile vår lokale økonomistyring. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein klarer på nasjonalt plan. Dette gir oss høve til å justere drifta tidligare enn dersom vi måtte venta på dei offisielle justerte skattetala. Vi meiner vidare at dagens kommunale løysing er den beste då den gir svært gode resultat og framstår som ein effektiv organisering. Statleggjering i tråd med den svært stramme skisserte tidsramma inneberer risiko for provenytap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår kommune og eit uheldig personalløp med fare for tap av nøkkelpersonell, og elles vil ein peike på at spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er naturleg å handsama opp i mot kommunereformarbeidet.

Lokal kunnskap og kjennskap til skattesubjekta er viktig i kampen mot svart økonomi, og kommunal kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom funksjonen vert statleggjort og sentralisert vil avstanden mellom kontrollinstansen og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. Mange kommunar vil ikkje ha nokon kontrollinstans i det heile. Me ser auka avstand som ein betydeleg risikofaktor for økt svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

### **Konklusjon**

**Eg rår til følgjande:**

Austrheim kommune rår i frå statleggjing av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016, og finn at dagens løysing gjev dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering.

Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å handsama i den kommande kommunereforma.

Framlegget inneberer ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjøn og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat.

Høringsinstansene iht. liste

Deres ref

Vår ref  
14/3202 SL SWN/KR

Dato  
01.12.2014

## **Overføring av skatteoppkrevingen til Skatteetaten - høring**

### **1. Innledning**

Finansdepartementet sender med dette på høring forslag om overføring av skatteoppkreverfunksjonen (skatteoppkrevingen) til Skatteetaten.

Skattedirektoratet fikk 23. juni 2014 i oppdrag å utrede hvordan skatteoppkrevingen (arbeidsgiverkontroll, innkreving og føring av skatteregnskapet) kan organiseres i Skatteetaten for å oppnå en bedre og mer effektiv skatteoppkreving. Utredningen skulle også inneholde forslag til nødvendige regelverksendringer, plan for ev. endringer i IKT-systemløsninger og vurdering av arbeidsrettslige- og personalmessige forhold.


Skattedirektoratets rapport ble oversendt Finansdepartementet 24. november 2014. Rapporten med vedlegg er tilgjengelig på Finansdepartementets hjemmesider <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fin/dok/hoeringer.html?id=1832>

Regjeringen har satt i gang et arbeid med sikte på overføring av skatteoppkreverfunksjonen til Skatteetaten. Regjeringen vil ta stilling til Skattedirektoratets konkrete forslag til organisering av skatteoppkreverfunksjonen etter at høringen er gjennomført, herunder den regionale fordelingen og omfanget av satsingen på arbeidsgiverkontroll i kampen mot svart økonomi. Skattedirektoratets forslag følger føringene regjeringen har lagt for arbeidet, og rapporten danner et godt grunnlag for å arbeide videre med sikte på å overføre skatteoppkreverfunksjonen til Skatteetaten for å få en bedre og mer effektiv skatte- og avgiftsforvaltning.

## 2. Bakgrunn for tiltaket

Regjeringen har iverksatt en rekke endringer i etatene som håndterer skatt, avgift, toll og innkreving, og i oppgavefordelingen mellom disse, jf. Prop. 1 S (2014-2015). Målet med tiltakene er styrket innsats mot svart økonomi, bedre rettssikkerhet, redusert ressursbruk, forenkling for innbyggerne og bedre grensekontroll.

Regjeringen vil overføre forvaltningen av særavgift og merverdiavgift ved innførsel fra Toll- og avgiftsetaten til Skatteetaten. Statens innkrevingssentral tas inn i Skatteetaten fra 1. januar 2015, og det arbeides også med sikte på å overføre ansvaret for forvaltningen av dokumentavgiften fra Kartverket til Skatteetaten. Skatteetaten vil med disse tiltakene få et samlet ansvar for å fastsette, innkreve og kontrollere skatter og avgifter, jf. figuren under.



Overføring av den kommunale skatteoppkreverfunksjonen til Skatteetaten innebærer at skatteinnkrevingen, føring av skatteregnskapet og arbeidsgiverkontrollen legges til Skatteetaten og koordineres med tilstøtende og til dels overlappende oppgaver i Skatteetaten. Samordning av skatteoppkreverne og Skatteetaten gir stordriftsfordeler både faglig, administrativt og for drift og utvikling av IKT-systemer. Skatteetatens innfordring av merverdiavgift og skatteoppkrevernes innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift kan samordnes. I stor grad omfatter dette de samme skyldnerne. Tilsvarende vil det gi en bedre og mer helhetlig løsning å samordne skatteoppkrevernes arbeidsgiverkontroll med Skatteetatens kontrollvirksomhet. Et samlet ansvar hos Skatteetaten vil gi mer lik behandling av skattyterne og bedre

rettssikkerhet. Det vil samtidig gjøre det enklere for de skatte- og avgiftspliktige ved at de får én etat å forholde seg til.

## 2.1 Skatteoppkreverfunksjonen

Skatteoppkreverne står for fellesinnkrevingen av de fleste direkte skattene som fastsettes av Skatteetaten. Skatteoppkreving brukes om de samlede oppgaver som ligger til skatteoppkreverfunksjonen:

- **Innkreving** av inntektsskatt- og formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgiveravgift. Fellesinnkrevingen innebærer at skatteoppkreveren krever inn skatter og avgifter på vegne av skattekreditorene (staten, fylkeskommunene og kommunene).
- **Arbeidsgiverkontrollen** omfatter primært kontrollen av lønnsområdet. Formålet med kontrollen er å påse at skattetrekk, påleggstrekk og arbeidsgiveravgift blir beregnet, oppbevart, innberettet og innbetalt i samsvar med de bestemmelsene som gjelder. Siden likning av lønnstakere baserer seg på innsendt lønns- og trekkoppgave fra arbeidsgiver, er kontrollen svært viktig for å oppnå korrekt skattegrunnlag.
- **Føring av skatteregnskapet** – skatteoppkreverne fører skatteregnskapet for den enkelte kommune i Skatteregnskapssystemet (Sofie), som driftes av Skatteetaten. Skatteregnskapet avlegges månedlig for å fordele skatteinntektene til kommunene.

Skatteoppkrevernes oppgaver og plikter i forbindelse med skatteoppkrevingen følger av skattebetalingsloven<sup>1</sup> med tilhørende forskrifter og Instruks for skatteoppkreverne. Etter skattebetalingsloven § 2-1 skal den myndighet og de plikter som er lagt til skatteoppkreveren i skattebetalingsloven, utøves av den kommunale skatteoppkreveren. Loven setter ingen krav til hvordan funksjonen skal organiseres internt i kommunene. Kravet er ikke til hinder for at flere kommuner har felles skatteoppkrever så lenge det føres ett skatteregnskap for hver kommune.

## 2.2 Dagens organisering av skatteoppkreverfunksjonen

Dagens organisering av skatteoppkreverfunksjonen er ikke hensiktsmessig, verken faglig-, styrings- eller ressursmessig.

I dag har kommunene det administrative ansvaret for skatteoppkreverfunksjonen, mens Skatteetaten har ansvar for faglig oppfølging og styring. Skatteetaten bruker 71 årsverk på å følge opp de kommunale skatteoppkreverkontorene. 288 kommunale skatteoppkreverkontor bruker om lag 1 411 årsverk på skatteoppkrevingen. Flere kommuner har etablert interkommunalt samarbeid, men de fleste fagmiljøene er svært små. Over 60 pst. av kontorene benytter to eller færre årsverk på oppgaven.

---

<sup>1</sup> Lov av 17. juni 2005 nr. 67, Lov om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav

Skatteoppkreving er heller ikke en naturlig kommunal oppgave, men en oppgave som kjennetegnes av stram regulering, liten grad av skjønn, og sterkt behov for rettsikkerhet og likhet på tvers av kommunene, uavhengig av hvor skattyter eller arbeidsgiver bor eller holder til. Kommunen utfører oppgaven på vegne av skattekreditorene (staten, fylkeskommunen og kommunene). I behandling av kommuneproposisjonen i vår, sluttet Stortinget seg til at «oppgaver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar».

Den informasjon som er viktig i innfordringssammenheng, er nå i all hovedsak tilgjengelig i registre og databaser. Sammen med elektronisk rapportering og kommunikasjon reduserer dette behovet for lokalkunnskap og for at oppgaven utføres nært skyldneren. Videre har mange kommuner allerede i dag til tross for redusert nærhet valgt å etablere interkommunale løsninger for skatteoppkreverfunksjonen. Nærhet kan også være problematisk, spesielt i små kommuner. At den som krever inn eller kontrollerer kjenner skyldneren personlig eller har andre koblinger til skyldner, kan gjøre det vanskelig å gjennomføre skatteoppkrevingen eller kontrollen på en god måte.

Resultatene for innbetalt skatt, folketrygdavgift og arbeidsgiveravgift er gode, men dette skyldes i liten grad dagens organisering med 288 kontor. Årsaken er kravenes karakter, velfungerende IT-systemer og en forskuddsordning hvor arbeidsgiver gjennom skattetrekket i praksis er den viktigste «skatteoppkreveren» overfor lønsmottakere og pensjonister. For inntektsåret 2012 var totalt innbetalt forskuddstrekk 99,9 pst. Av dette ble hele 99,7 pst. frivillig innbetalt, dvs. til forfall eller etter en maskinell purring. Dette skjer uten innkrevingsstiltak fra skatteoppkreveren, og skyldes i stor grad arbeidsgivernes skattetrekk. For arbeidsgiveravgift (inntektsåret 2012) var resultatet 99,8 pst., hvor hele 99,2 pst. er innbetalt frivillig.

Spørsmålet om å flytte skatteoppkrevingen har vært utredet flere ganger, senest i 2004 (NOU 2004:12 *Bedre skatteoppkreving*) og i 2007 (NOU 2007:12 *Offentlig innkreving*). I NOU 2004:12 konkluderte flertallet av utvalgsmedlemmene med at en statlig organisering av skatteoppkrevingen var mest naturlig, oppgavens innhold og karakter tatt i betraktning. Mindretallet mente at de fleste argumentene talte for fortsatt kommunalt ansvar for skatteoppkrevingen. I NOU 2007:12 foreslo flertallet i utvalget at alle statlige innfordringsoppgaver og innfordringsoppgaver knyttet til skatte- og avgiftskrav som høres inn under fellesinnkrevingen, skulle samles i en statlig innfordringsetat. Mindretallet (ett medlem) støttet ikke den delen av forslaget som innebar å innlemme skatteoppkreverfunksjonen i én statlig innfordringsetat.

### **3. Skattedirektoratets forslag til organisering**

